

ÅRSMELDING 2025

LUSTER FRIVILLIGSENTRAL



Luster Frivilligsentral
Postadr.: Postboks 26, 6866 Gaupne
Tel.: 45 66 59 54
E-post: post@luster.frivilligsentral.no
Kontor: Friskhuset,
Øyagata 16, Gaupne

Innleiing.

Styret i Luster Frivilligsentral (LFS) kan også i år melde om nokre nye aktivitetar. I år er dette knytta opp til Friluftslivets år 2025 og eit tettare samarbeid med Sogn friluftsråd.

Også i år har sentralen motteke økonomiske gåver som har gjort det enkelt å starte opp nye aktivitetar.

Dessverre opplevde me endringar i søknadskriterier hjå Vestland fylkeskommune (miljødirektoratet), noko som har resultert i manglande tildeling av økonomiske midlar til friluftsliv for utsatte grupper (flyktningar og personar med funksjonsnedsetjing). Dette har gjort det litt utfordrande økonomisk og me har av den grunn jobba med å få eit tettare samarbeid med aktuelle organisasjonar som er knytta til målgruppa.

Ved årsslutt driv sentralen fleire ulike aktivitetar ut mot ei brei målgruppe. Fleire aktivitetar blir drivne i samarbeid med Luster kommune og andre lag/organisasjonar.

Styret har hatt 4 styremøter og 27 handsama saker.

Eigarar av sentralen er i dag Luster revmatikarforeining, koret LaJoMa, Gaupne helselag og Luster kommune.

Styret i 2025 har vore samansett slik:

Ivar Kvalen (privatperson), leiar

Britt Veum Hauge (Luster kommune), nestleiar

Helga Julie Kvitle (LaJoMa), styremedlem

Inger Beate Dalheim (Luster Revmatikarforeining), styremedlem

Magnhild Rønningen (Gaupne helselag), styremedlem

Aktivitetar og prosjekt i 2025.

Seniordata og «seniornettklubb».

Det er i dag ingen aktiv seniornettklubb i Luster.

I 2025 har Digital opplæring i Gaupne vore gjennomført av Pensjonistforbundet Luster, Luster bibliotek og Luster kommune. LFS har ikkje vore deltakande her.

Eit tilbod som dekkar grunnleggjande ferdigheiter, det å bli tryggare i bruk av smarttelefon, nettbrett og PC.

Gratis sommaraktivitet for ungar – FriMoro og SommarMoro.

LFS har vore ein av samarbeidspartnarane i det populære tilbodet FriMoro i juni i mange år.

Folkehelsetenesta i Indre Sogn samarbeider med fleire lag og organisasjonar om å arrangere dette tilbodet, som byr på ei rekkje friluftaktivitetar. For 2 dagar er arenaen Parken i Gaupne.

I år vart det gjennomført 9 dagar med aktivitetar for barn/unge grunna tildeling av økonomiske midlar frå Gjensidigestiftelsen og Luster sparebank.

Ungar frå 4-7. klasse fekk 4 aktivitetsdagar.

2 dagar i Parken og 2 dagar med aktivitetsdag på Hafslo og Gaupne.

Ungar frå 1-3.klasse og 4-6.klasse fekk også tilbod om 1 dag med barneteater.

I tillegg til dette inviterte Sogn Friluftsråd til friluftsskule over 4 dagar både på Hafslo og i Gaupne.

Ungdomar frå 7-10.klasse fekk 4 aktivitetsdagar med open klubb, paintball, aktivitetsdag på Fjordstova og rafting i Jostedalen.

Ungdomar frå 7.klasse – VG3 fekk 1 aktivitetsdag med open ungdomsklubb.

Om lag 200 barn/ungdomar deltok på desse aktivitetane sommaren 2025.

Dagtilbod for eldre heimebuande/seniortreff.

I samarbeid med Luster kommune og frivillige driftar LFS eit dagtilbod for eldre heimebuande. Dagtilbodet for eldre heimebuande held i utgangspunktet til på Gaupne omsorgssenter v/aktivitetsstova.

Det har vore 16 seniortreff i 2025.

Seniortreffet har mangla 1 frivillig frå hausten 2024 og det har dessverre ikkje lukkast å rekruttere ein ny frivillig. Dette har blitt løyst ved at dagleg leiar på Luster frivilligsentral går inn annakvar torsdag frå kl. 08.30 – 15.30 for å hjelpe med gjennomføring.

Det blir organisert skyss for dei som har behov for dette. Her nyttar ein Arbeids- og treningscenteret i Gaupne (ATS).

I 2026 vil det bli jobba aktivt ut mot nokre lag/organisasjonar med førespurnad om dei kan hjelpe oss med gjennomføring av seniortreffa.

Prosjektet «Sykling utan alder».

LFS er eigarar av 3 sykklar som står tilgjengeleg til bruk på dei 3 omsorgssentera i kommunen. Også i år har Luster Lions jobba målretta med å tilby opplæring til frivillige og tilsette ved omsorgssentera.

I dag er det om lag 80 personar som er godkjende sykkelpilotar.

Målsetjinga dei siste åra har vore å auke bruken av syklane, og ulike tiltak har blitt satt i verk utan å lukkast. Syklane blir dessverre altfor lite nytta.

Konklusjonen her er at det må lagast ein handlingsplan i samarbeid med leiarane på omsorgssentera for å få syklane på dagsorden blant dei tilsette og pårørande. Dette tiltaket har dessverre ikkje blitt prioritert grunna manglande kapasitet hjå LFS.

Våren 2025 vart det gjennomført service av syklane. ATS har vore ansvarleg for denne servicen sidan våren 2024. Den blir gjennomført om våren før sykkelsesongen startar for fullt.

Luster frivilligsentral har inntil vidare teke den økonomiske kostnaden for dette.

Oppstart nye aktiviteter/arrangement:

Året 2025 starta med ein oppstart av Friluftslivets år.

«Heile Norge bålet» vart markert fredag 17.januar i Rådhusparken i samarbeid med Sogn friluftsråd.

Oppfølgaren kom dagen derpå, laurdag 18.januar, med «Kom deg ut dagen» på Sogn skisenter.



Ope kveldsskitrekk for ungdomar, 8.steg – VG3:

Eit samarbeid mellom Luster frivilligsentral, ungdomsklubbane i Luster og Sogn skisenter.

Hafslo hjelpekorps stilte med sanitetsvakt denne kvelden.

Skitrekket var ope fredag 9.februar.25 frå kl. 19.00 – 22.30.

Open kafè med servering av gratis pizza og drikke. Gratis skitrekk heile kvelden og gratis utleige av skiutstyr.

Ca. 90 ungdomar møtte.

Turmat frå heile verda:

Eit samarbeid mellom mange ulike organisasjonar, norskopplæring og Sogn friluftsråd.

Arrangementet vart også støtta økonomisk av Norsk friluftsliv.

Eit flott kulturelt arrangement i Parken i Gaupne med fokus på deling av mattradisjonar. Her fekk ein smake på rettar frå mange ulike land.



iNNi Luster 2025 (informasjon – nettverksbygging – naboskap – integrering).

LFS held fram med ymse tiltak for målgruppa flyktningar som er busette i kommunen.

- Internasjonal julefest har vore arrangert dei 2 siste åra i samarbeid med Kyrkja i Luster og Gaupne sokneråd. Samfunnet vårt har endra seg med mange nye innbyggjarar frå ulike land og det er viktig å samlast for å dele kultur, tradisjonar, musikk, mat og ikkje minst få moglegheit for å bli kjent med kvarandre.
Dessverre vart det ingen internasjonal julefest i 2025 grunna manglande engasjement og frivillige.
- Luster frivilligsentral har i ei årrekke tilbydd leksehjelp 1 dag pr. veke til elevar som går på ungdomsskule og vidaregåande skule. Dette er eit tilbod som ikkje lenger blir etterspurt og leksehjelp er av den grunn avvikla.
- «Kom deg ut dagen» med Luster turlag/Barnas turlag vart gjennomført søndag 18.januar. I år vart dette eit større arrangement med fleire samarbeidspartnarar grunna markering av Friluftslivets år. Samarbeidspartnarar var Sogn friluftsråd, Luster turlag,

Hafslovatnet 4H og hoppgruppa Hafslo IL.



«Kom deg ut dagen» i september vart gjennomført på Langholmen, Hafslo. Eit flott arrangement i nydeleg haustvær i samarbeid med Barnas turlag. Her var aktivitetar som turquiz, fiske, packcraftbåtar og grilling av pølser på bål.

- Ein førespurnad om samarbeid frå ukrainske flyktningar om å markere invasjonen i Ukraina resulterte i ein minne- og støttekveld, 24.februar, på kaféen i Gaupne.




- Jobbsøkarkurs for ungdomar.
LFS har over fleire år rettleia ungdomar til å søke sommarjobb.
Fleire ungdomar fekk hjelp til dette også i år og tilbakemeldingar viste at fleire av dei fekk den sommarjobben dei hadde søkt.
- LFS og Luster Røde Kors har i fleire år, sidan 2017, samarbeida om Til Topps-arrangementet. Eit arrangement med fokus på integrering og inkludering der målgruppa er flyktningar, arbeidsinnvandrarar og asylsøkjjarar.
I år gjekk turen til Hodlekvè i Sogndal. Ein flott familietur der me også var veldig heldige med været.
Totalt 42 personar deltok saman med 4 frivillige.
- Søndag 15.juni arrangerte LFS og Luster Lions i samarbeid med flyktningtenesta utedag på Hafslo. Oppmøte var ved grillhytta ved skulen og her skjedde det ulike aktivitetar som frisbee golf, fotball, boccia og natursti. Fleire av flyktningane som deltok hadde med mat frå deira land som alle fekk smake. I tillegg var det grilling av pølser på bål.
Totalt 15 møtte opp på arrangementet.
- LFS og Luster Røde Kors plar årleg arrangere lokal familiedag. Oppmøtet på familiedagane har vore variabelt og av den grunn valgte me å ta pause i år. Dessutan hadde det tidlegare i sommar vore arrangert ein utedag i samarbeid med LFS, Luster Lions og flyktningtenesta.
- Etter førespurnad om samarbeid frå ukrainske flyktningar vart det arrangert ei markering av uavhengigheitsdagen til Ukraina søndag 24.august på Luster ungdomsskule. Ei fin markering med mange frammøtte, også lokale.
- Haustaktivitetar vart arrangert for femte gong i samarbeid med Luster kommune. Eit aktivitetstilbod for barn/unge frå 4.steg – 10.steg i haustferien.
Gruppa 4.-7.steg fekk tilbod om aktivitetar i Idrettshallen og Gaupne ungdomsklubb den første dagen og aktivitetsdag ved skytebanen i Gaupne den andre dagen.
Gruppa 8.steg – 10.steg fekk tilbod om 2 dagar ved Gaupne ungdomsklubb, LAN på kveldstid og open ungdomsklubb på dagtid med felles leik.
Tilboda for dei yngste hadde avgrensa plassar. Tilboda til ungdomane hadde kun påmelding til LAN. Eit populært innslag i haustferien.
Alle tilboda var gratis.
I tillegg til dette inviterte Sogn Friluftsråd til friluftsskule over 3 dagar.

Nærare 100 barn/ungdomar deltok i haustaktivitetar.

Tilboda var støtta økonomisk av Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest og Ildsjelfondet..

Målsetjinga framover er fortsatt å gjennomføre gratis aktivitetar for barn/unge i vinterferie, sommarferie og haustferie.

- Vinteraktivitetar vart arrangert for femte gong i samarbeid med Luster kommune, Luster turlag, Sogn friluftsråd og Sogn skisenter.
Eit gratis aktivitetstilbod for barn/unge frå 4.steg – VG1.
Gruppa 4-7.steg fekk tilbod om juniorklubb på Gaupne ungdomsklubb, samt aktivitetsdag på Fjordstova med miniatyrskyting, bading, hallaktivitet og klatring.
I tillegg til dette inviterte Sogn Friluftsråd til friluftsskule over 2 dagar.
Gruppa 8-10.steg fekk tilbod om lågterskel topptur og vinterdag på Sogn skisenter med lasermåling frå politiet og grilling.
I tillegg fekk også elevar 8.steg - VG1 tilbod om ungdomsklubb i Gaupne.
Nærare 100 barn/unge deltok på vinteraktivitetar.
Tilboda var støtta økonomisk av Vestland fylkeskommune, Friluftsrådernes landsforbund og Sparebankstiftinga S&F.
- FTU Luster (Tilrettelagt friluftsliv).
Ein aktivitet i samarbeid med Luster Turlag og NFU Luster lokallag.
Oppstarten skjedde oktober 2020 og tilbodet er blitt teke særst godt imot og det er mange påmelde til aktivitetane.
I 2025 har det vore gjennomført 8 aktivitetsskveldar/dagar.
Det er tildelt økonomiske midlar til gjennomføring via miljødirektoratet, Vestland fylkeskommune.
Det store høgdepunktet var friluftsarangementet på Tungestølen 1.sept. der kronprins Håkon Magnus var invitert. Denne dagen vart eit minne for livet!



FRAM i Luster.

Dette prosjektet starta opp i 2015. Føremålet med prosjektet er å bidra til at sosialt og økonomisk vanskelegstilte kan få relevant informasjon og assistanse til å bli betre inkludert innanfor spesifiserte samfunnsarenaer og i arbeidslivet, slik at dei kan oppnå betre livskvalitet og ein tryggare økonomisk livssituasjon. Det blir også lagt sterkt fokus på utanforskap. Målsetjinga er difor langsiktig.

Flyktninggruppa er definert som ei viktig målgruppe i prosjektet, særleg personar og familiar som er i ein sårbar situasjon. Me har lagt vekt på å skape gode tiltak for barnefamiljar, slik at born i flyktningfamiljar kan få høve til å bli med på aktivitetar som er vanlege for norske born.

- A) Det har over fleire år vore eit godt samarbeid med elevar ved valfaget «Innsats for andre» ved Luster ungdomsskule. Tidlegare hadde me elevar på bruktbuikken vår, men dei siste

åra har samarbeidet vore knytta opp til arbeidsoppgåver rundt ulike arrangement. Dette kan t.d. vere hjelp til rigging av arrangement, baking osv.

- B) Bruktbutikken vår har i dag ca. 20 frivillige som held butikken open kvar torsdag og fredag kl. 12-17 og laurdag kl. 12-15.

Personar i arbeidspraksis via NAV Luster har vore ein god ressurs i arbeidet med å vidareutvikle bruktbuikken.

Bruktbutikken har i 2025 måtte takke nei til personar i språkpraksis grunna kapasitet. Bruktbutikken har dessverre ikkje eit økonomisk overskot å vise til. Den er avhengig av kommunal økonomisk støtte for å gå rundt økonomisk.

Dei evt. inntektene frå bruktbuikken går inn igjen i frivilligsentralen og blir nytta til ulike aktivitetar/arrangement åleine men gjerne i samarbeid med andre lag/organisasjonar. Utfordringa på sikt vil vere den høge husleiga ved Pyramiden senter.

- C) Opning av Luster utstyrssentral våren 2017. Ein open utstyrssentral der alle skal ha moglegheit for å låne turutstyr gratis. Ved utstyrssentralen er det grunnleggjande turutstyr, sykklar og skiutstyr. Sentralen blir brukt heile året, særleg av skular. Syklar og ski er det størst utlån av.

Kjøp av utstyr skjer gjennom heile året der ein supplerer utstyrssentralen med nytt utstyr heile tida. I 2025 fekk utstyrssentralen tildelt pengar frå BufDir for å dekke husleige, drift og innkjøp av turutstyr.

I dag har Luster utstyrssentral utstyr for ca. kr. 800.000.

Luster utstyrssentral held til i lokale i 1.etg. ved Pyramiden senter og betalar husleige her.

- D) Samarbeidsprosjektet «Juleglede i Luster» fortsatte i 2025.

Arbeidsgruppa i 2025 har bestått av LFS, Luster Røde Kors, Gaupne helselag, Luster Lions og Kyrkja i Luster. I tillegg har Luster kommune bidrege med ein person i prosjektstilling som har hatt ansvar for koordinering av arbeidet.

Målgruppa er fortsatt born mellom 0-18 år.

Målsetjinga med prosjektet er å gjere ein forskjell for dei familiare som opplever julehøgtida som vanskeleg. Her kan foreldre velgje personlege gåver til borna.

Det vart delt ut 143 personlege gåver til born i alderen 0-18 år og 69 familiar fekk gavekort på daglegvarebutikk til kjøp av matvarer.

Me takkar elevane frå LUS med «arbeidslivsfag» for sær godt samarbeid med innpakking av gåver. Også i år gjekk arbeidsgruppa ut med informasjon digitalt via Luster kommune si heimeside/facebook. I tillegg delte dei ulike organisasjonane via sine digitale sider.

Det vart informert om «Juleglede» på Luster nærradio, Lustranytt og kyrkjelydsbladet der ein informerte om tiltaket og oppmuntra bedrifter/næringsliv/privatpersonar til å støtte opp om tiltaket.

I år vart det heller ikkje ikkje sendt ut brev direkte til ulike bedrifter/næringsliv då den økonomiske situasjonen til arbeidsgruppa er god.

Tiltaket har i år motteke pengegåver frå privatpersonar/bedrifter.

Kollekt frå kyrkja er også motteke.

I tillegg har Juleglede i samarbeid med ungdomar, Gaupnetunet og Gaupne bygdalag også i år arrangert juleverkstad.

I tillegg var bebuarar ved Grandmo miljøteneste gode samarbeidspartnarar då dei hadde ansvar for å bake pepparkaker.

Eit sær vellukka arrangement med nærare 100 frammøtte.



Kvart år har Juleglede invitert til eit gratis kulturarrangement som t.d. teater. I år blir det teater i april.26.

Samarbeid med SIMAS:

28.mai.23 opna Luster miljøpark i Gaupne. I denne samanheng vart det underteikna ein intensjonsavtale mellom LFS og SIMAS i samband med «Ombruk av avfallsressursar». Den er evaluert for tredje gong og fornya ut året 2026.

Begge partar har hausta gode erfaringar i samarbeidet, men me kan alltid bli betre på samarbeid og auka ombruk.

Samarbeid med NAV Luster:

Har fått førespurnad om samarbeid språkpraksis men har dessverre måtte takke nei grunna manglande kapasitet og ressursar.

Samarbeid med Gaupne ungdomsklubb:

Eit samarbeid med styret i klubben om gjennomføring av markering av ungdomsklubben sin dag, 23.april.25.

Ein open invitasjon til alle om å kome innom klubben for å få omvisning og informasjon om arbeidet som er lagt ned i ungdomsklubben.

LFS støtta økonomisk med servering av gratis marsipankake m/logo.



Støtte til oppstart av Hafslo ungdomsklubb:

LFS støtta ungdomsklubben med innkjøp av 4 nye panner til kjøkkenet deira.

Prosjekt «Sogn for alle».

LFS sitter som vararepresentant i styringsgruppa for frivillig organisasjon.

Har ikkje fått nokon meir informasjon om dette prosjektet. Sitter som passiv vararepresentant.

Fokus på samarbeid med lag/organisasjonar.

Det må også nemnast at det i heile 2025 har vore jobba målretta med å få ein betre dialog med Luster kommune, flyktningtenesta og andre lag/organisasjonar i kommunen. Dette viktige arbeidet fortsetjer ut i 2026.

Det manglande samarbeidet med flyktingtenesta over fleire år har vore lite tilfredsstillande. LFS har heile tida jobba målretta med å endre denne situasjonen og i år ser me positive endringar. Saman har me arrangert ein utedag der fleire flyktingar møtte. Målet vidare er å samarbeide om den internasjonale julefesten og andre arrangement som er inkluderande for målgruppa.

Eit samarbeid med Luster Røde Kors har resultert i arrangement som Til Topps, familiedag for familiar i Luster.

Samarbeid med Luster turlag/Barnas turlag har resultert i fleire flotte arrangement som t.d. «Kom deg ut dag» på vinter og haust.

Samarbeid mellom Luster turlag/NFU Luster og LFS har resultert i ei tilrettelagt friluftslivgruppe i kommunen (FTU Luster). Gruppa har hatt om lag 10 arrangement pr. år.

Juleglede i Luster fortsatte også i 2025 med gode samarbeidspartnarar som Luster Røde Kors, Gaupne helselag, Kyrkja i Luster, Luster Lions og Luster kommune v/ulike einingar. Her har også andre gode samarbeidspartnarar kome til som elevlar ved LUS v/ «arbeidslivsfag», Gaupnetunet, Gaupne bygdalag, ungdomar og bebuarar ved Grandmo miljøteneste.

Eit samarbeid med Kyrkja i Luster og Gaupne sokneråd har resultert i fleire flotte internasjonale julefestar.

Eit samarbeid med ungdomsklubben resulterte i markering av ungdomsklubben sin dag og ope kveldsskitrekk på Sogn skisenter.

Bruktbutikk og Luster utstyrssentral på Pyramiden senter.

LFS er særns nøgd med flytting av bruktbuikk sept. 2020 og utstyrssentral til Pyramiden senter. I løpet av året 2025 har det blitt lagt ned over 1400 frivilligtimar på bruktbuikken.

Luster utstyrssentral har hatt ein merkbar auke på utlån av utstyr til privatpersonar, noko som er særns gledeleg. Størst utlån av sykklar og skiutstyr. Me har hatt 110 utlån til privatpersonar. Ein liten nedgang frå i fjor. Årsaka er den ustabile vinteren.

Frivillighetstimar for 2025.

Frivilligsentralen blir heile tida utfordra til å tenkje nytt grunna endringar i samfunnet, noko som har resultert i nye aktivitetar og nye samarbeidspartnarar. Også nye frivillige har meldt seg til oppdrag, noko som er særns gledeleg.

I 2025 har det vore utført minst 1700 frivilligtimar.

Økonomi og drift.

Årsrekneskapan er avslutta med eit underskot på kr. 42.712.
Driftstilskotet frå Luster kommune var i 2025 på kr. 969.781.
Refusjon for mva. dette året var kr. 119.199,-

Revisjonen er utført av Brita Kristine Bollingberg og Torbjørn Tuften.

Etter rekneskapsåret sin utgang har det ikkje skjedd forhold som har innverknad på vurdering av sentralen sin økonomi. Styret er av den oppfatning at årsmelding og årsrekneskap gjev eit fullgodt bilete av verksemda sitt resultat, utvikling og økonomiske stilling.

Styret har hatt to personar tilsett i 2025.

Dagleg leiar i 100% stilling og frivilligkoordinator i 40% stilling.

Styret vurderer arbeidsmiljøet til å vere godt sjølv om det har vore sjukefråvèr på 4,6%.

Det har vore eit ganske høgt sjukefråvèr i 2025, men dette er ikkje knytta opp til forhold ved arbeidsplassen.

Styret er ikkje kjend med at det har vore forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling mellom kjønna. Likestilling i verksemda er vurdert som tilfredsstillande.

Verksemda medfører ikkje skadar på det ytre miljøet.

Evaluering.


Også i 2025 har aktivitetane vore prega av engasjement for dei flyktningane som kommunen tek i mot. Det gjeld både konkrete aktivitetar under prosjektet FRAM i Luster, prosjektet iNNi Luster «Friluftsliv».


Vidare utvikling av desse tilboda er ynskjeleg og avhengig av at samarbeidet med flyktningtenesta utviklar seg i positiv retning. Det kan sjå ut som om me er på rett veg!


Det er svært tilfredsstillande og positivt å sjå at fleire frivillige ynskjer å delta/støtte vårt arbeid.


Gaupne, 5. februar 2026



Ivar Kvalen, leiar


Magnhild Rønningen, styremedlem


Britt Veum Hauge, nestleiar


Helga Julie Kvitle, styremedlem


Inger Beate Dalheim, styremedlem


Anita Kjørlaug, dagleg leiar